

Lise Kristine Viken  
Hakset 17C O Sissel Heggertveit  
5915 HJELMÅS

Ikkje off.  
§ 24 2. ledd 1. punktum

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7565 - 20/22056

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
27.04.2020

## Svar på din e-post datert 24.04.2020

Tiltak: Gråvassutslepp  
Byggjestad: Gbnr: 199/10 Nordgardsvegen 72  
Tiltakshavar: Lise Kristine Viken

Me viser til din e-post datert 24.04.2020.

Heile eigedom gnr. 199 bnr. 10 ligg innanfor eit areal som i kommuneplan for Lindås kommune er definert som sikringssone nedslagsfelt drikkevatn.

### Punkt 4.1.1 Sikringssone (H100) i kommuneplanen har følgjande forskrift.

Nedslagsfelt for drikkevatn (H110), drikkevannsforskriften § 4, jf. § 26. Drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, er bandlagt og skjerma.

Det er forbod mot å forureine drikkevatn.

Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vanntilsigsområdet til tappepunkt, som medfører fare for at drikkevatnet blir forureina. Med aktivitetar er det også meint friluftsliv og anna utøving av allemannsretten. Der det er fastsett beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26, gjeld forbodet brot på desse. I vanntilsigsområda kan landbruksaktivitet foregå dersom det ikkje forureinar drikkevatnet eller medfører brot på beskyttelsestiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller restriksjonar etter § 26. Innanfor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.

Abonnentane skal ha eigna sikring mot tilbakestrømming i samsvar med krava i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift for å hindre at drikkevatnet i distribusjonssystemet blir forureina. Tiltak må og forhalde seg til klausuleringsar som gjeld for drikkevatn.

Det er denne føresegna som gjeld for eigedomen din. Det skal ikkje godkjennast nye tiltak som legg til rette for auka bruk og det skal ikkje opnast for nye eller auka utslepp i området.

Definisjonen på innlagt vatn har vi diskutert tidlegare og vi er einige at den løysinga du har kjem inn under tolkinga innlagt vatn.

Du skriv no at du kjem til å stenge av røyrsystemet som fordeler vatn frå systerne i kjellar og at vatn no vert bore inn frå utekranen. Det er kommunen si vurdering at dette er ei lovleg løysing, mindre mengd med vatn som vert bore inn kan sleppast ureinsa ut i terrenget.

Som vist til føresegner så er det ikkje opna opp for nye utslepp, det er på dette grunnlag du har fått beskjed om at utslepp av svartvatn ikkje vil verta tillate.

Som du vidare skriv så er det i alle sin interesse å få på plass ordna forhold knytt til eigedomen din. Alver kommune har motteke eit forslag frå Hjelmås VVS for reinsing av gråvatn. Dette forslaget er til vurdering i kommunen og du vil få svar frå oss så snart me har vurdert dette ferdig.

Dine opplysningar om heste-møk på naboeigdomen er oversendt til Landbrukskontoret for handsaming der.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 20/7565

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lise Kristine Viken

Hakset 17C O Sissel  
Heggertveit

5915      HJELMÅS